

RAPPORT

Ørsta – økt transformering

OPPDRAKSGIVAR

Statnett SF

EMNE

Konsekvensutgreiing kulturmiljø

DATO / REVISJON: 25. oktober 2023 / 00

DOKUMENTKODE: 10253361-01-KUL-RAP-001



Multiconsult

Denne rapporten er utarbeidd av Multiconsult i eigen regi eller på oppdrag frå kunde. Kunden sine rettigheter til rapporten er regulert i oppdragsavtalen. Om kunden i samsvar med oppdragsavtalen gir tredjepart tilgang til rapporten, har ikkje tredjepart andre eller større rettigheter enn det han kan utleie frå kunden. Multiconsult har ikkje ansvar dersom rapporten eller delar av han vert nytta til andre føremål, på anna vis eller av andre enn det Multiconsult skriftleg har avtalt eller sagt seg enig i. Delar av innhaldet i rapporten er i tillegg skydd av opphavsrett. Kopiering, distribusjon, endring, bearbeiding eller annan bruk av rapporten kan ikkje skje utan avtale med Multiconsult eller eventuell annan opphavsrettshavar.

RAPPORT

OPPDRAG	Ørsta – økt transformering	DOKUMENTKODE	10253361-01-KUL-RAP-001
EMNE	Konsekvensutgreiing kulturmiljø	TILGANG	Open
OPPDRAGSGIVAR	Statnett SF	OPPDRAGSLEIAR	Kristine B. Steinhovden
KONTAKTPERSON		UTARBEIDD AV	Frans-Arne Hedlund Stylegar
GNR/BNR	SÆBØ, ØRSTA KOMMUNE	ANSVARLEG EINING	Multiconsult ASA

SAMANDRAG

Multiconsult har gjennomført ei forenkla konsekvensutgreiing for fagtemaet kulturmiljø i samband med etablering av eit nytt kaihakk på Sæbø. Det ligg føre to alternative lokasjonar for plassering av det nye kaihaket. Denne rapporten tek for seg registrerte kulturminne i området. Det er ikkje registrert kulturminne som vert påverka av tiltaket, og ein vurderer at konsekvensane av tiltaket vil vere ubetydelege for dette fagtemaet.

00	25-10-23	Konsekvensutgreiing Ørsta – økt transformering	F.-A.H. Stylegar	T. Røskar	Kristine B. Steinhovden
REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV

INNHALD

1	Innleiing.....	5
1.1.1	Planstatus	6
1.1.2	Historikk	6
1.2	Viktige kulturminne	6
1.2.1	Hjørundfjorden: kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA)	6
1.2.2	Trehusmiljøet på Sæbø	7
1.2.3	Kapteinshaugen	7
1.2.4	Kyrkjestaden på Hustad	8
1.2.5	Gravhaug aust for den gamle kyrkjestaden på Hustad	8
1.2.6	Gravhaug og dyrkingsflate i Prestmarka	8
1.2.7	Gravhaug ved Gamletunet på Rise.....	8
2	Metodikk	9
2.1	Om utgreiinga	9
2.2	Nullalternativet	9
2.3	Vurdering av verdi, påverknad og konsekvensar	9
2.4	Om verdi	11
2.5	Om påverknad	12
3	Datagrunnlag og lovverk	13
3.1	Datagrunnlag	13
3.2	Om kulturminne og -miljø.....	13
3.3	Lovverk og retningslinjer	13
3.3.1	Freda	13
3.3.2	Verna etter PBL	13
4	Påverknad frå planlagt utbygging.....	14
4.2	Skadereduserande/avbøtande tiltak	14
4.3	Usikkerheit	14
5	Litteratur, databasar og kjelder.....	15

1 Innleiing

Multiconsult har utarbeidd ei forenkla konsekvensutgreiing i samband med nytt kaihakk på Sæbø. Oppdragsgjevar har vore Statnett SF.

Tiltaksområdet ligg ved Hjørundfjorden i Ørsta kommune (fig. 1). To alternativ for plassering av det planlagte kaihaket er utarbeidd (fig. 2). Det eine alternativet ligg ved reinskeanlegg/framtidig brannstasjon (alt. 1), medan det andre er plassert lenger sør, ved småbåtlaget sin molo (alt. 2).



Figur 1 Tiltaksområdets lokalisering i Hjørundfjorden. Kilde: norgeskart.no



1.1

Figur 2 Alternative plasseringer av nytt kaihakk. Kilde: Statnett SF

1.2 Området

1.2.1 Planstatus

Det ligg føre to reguleringsplanar som omfattar dei to lokalsjonane. Alternativ 1 ligg innanfor detaljreguleringsplan for Sæbø brygge, vedteken 2016 (plan-id 1520_2014005). Sjølve kaihakket er regulert til «bruk av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone» og friområde, og dels omfatta av hensynssone for flaumfare.

For alternativ 2 gjeld ein eldre reguleringsplan (pbl 1985 for Deler av Sæbø sentrum. Han vart vedteken i 1997 (plan-id 1520_RTK-9609). Ein mindre del av sjøområdet er regulert til friluftsområde i sjø, mens arealet på land er regulert til park.

1.2.2 Historikk

Busetnaden på Sæbø går langt attende i tid. Kulturminne i form av ei dyrkingsflate vest for kyrkja og fleire gravhaugar syner at det har budd folk i området sidan eldre jernalder eller tidlegare (Fett 1950). I tidleg mellomalder vart Hustad sør for Bondselva kyrkjestad, men kyrkja vart flytta til Sæbø på 1500-talet.

Sæbø låg lagleg til for ferdsel sjøvegen, og var sjølve innfallsporten til Bondalen i ei tid då fjorden batt folk saman. Frå gamalt av vart det drive handel med jekter både på Bergen og frå Sæbøfjøre. På slutten av 1800-talet vart Sæbø ein tettstad med utgangspunkt i den gamle kyrkjestaden. Etter kvart vaks Sæbø fram som sentrum i dåverande Hjørundfjord kommune. Dei første landhandlane kom i 1880-åra, samstundes med at fleire handverkarar også slo seg ned på staden.

I 1900 vart det bygd dampskipskai. Fleire administrative og økonomiske funksjonar som herredshus, bank og samvirkelag vart lokalisert på staden. Etter at området vart regulert på 1950-talet, reiste det seg fleire forretnings- og produksjonsbygg langs Øyragata.

Sæbø har i dag fleire kulturminne som speglar den historiske utviklinga på staden, som ein tettstad ved fjorden.

1.3 Viktige kulturminne

Det er *ikkje* registrerte kulturminneverdiar i sjø i Sæbøvika. Dei viktigaste kulturminna på land i Sæbøområdet er desse (sjå elles utklipp frå Askeladden, fig. 3):

1.3.1 Hjørundfjorden: kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA)


Hjørundfjorden (inkludert Sæbø) er foreslått som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (Riksantikvaren 2022). I høyringsutkastet står dette om grunngevinga:

Landskapet langs Hjørundfjorden sett klåre avgrensingar for kor det er mogleg å dyrke jord og drive gard. I tillegg til å vere solrikt og fonn-sikkert, må terrenget vere rimeleg flatlendt og jordsmonnet gunstig. Dermed har her ikkje vore så mange stadar å velje i. Tunskipnaden, slik han er i dag, må nok difor reknast som temmeleg lik slik han opphåveleg var. Dette gjeld også for bruken av seterdalane som beitemark. Fjordgard- og seterlandskapet langs Hjørundfjorden har stor tidsdjupne, med det som framleis utgjør eit levande samfunn av gardar og grender i spektakulære, og til tider krevjande, omgjevnadar (Riksantikvaren 2022).

KULA-status er ikkje det same som freding etter kulturminnelova. I høyringsutkastet heiter det at området bør gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap i kommuneplanen sin arealdel. Vidare peikast det på at det bør utarbeidast retningslinjer til omsynssona samt generelle føresegnar for å ivareta verdiane og setje rammer for arealbruken. Det vert også vist til viktige punkt for planlegging og forvaltning av dette landskapet. Av desse punkta er det etter vår vurdering berre to som har ein viss relevans for Sæbø og det aktuelle tiltaket:

- I bygdesentera bør vidare sentrumsutvikling skje med omsyn til eldre bygningar og bygningsstrukturar.
- Eventuell utbygging av vindkraftverk og/eller kraftlinjetrasear som leggst nær området, vil ha negativ visuell verknad på landskapet og bør unngåast. Massetak og større vegutbyggingar bør også unngåast.

Hjørundfjorden er elles eitt av fire utvalde kulturlandskap i Møre og Romsdal. Dette er ei landsomfattande satsing og tilskotsordning basert på spleiselag mellom landsbruks-, natur- og kulturmiljøforvaltinga, og eit samarbeid med eigarar og brukarar. Det er utarbeidd eigen forvaltingsplan for området, og det vert tildelt årlege midlar til investerings- og skjøtseltiltak som mellom anna skal ta vare på kulturarven.



Figur 3 Registrerte kulturminner i området. Illustrasjon fra Askeladden

1.3.2 Trehusmiljøet på Sæbø

Eit viktig element er kommunehuset, som vart bygd saman med eit nytt kaihus i 1934. Bygningen har dessutan inneheldt fleire andre funksjonar, som skule, bibliotek, lensmannskontor og dampskipsekspedisjon. Kommunehuset må sjåast som ein del av eit større kulturmiljø som også omfattar Årsethuset, Prestagarden, Stenes-Ola-garden og kyrkja. Samla sett utgjer desse kulturminna eit kulturmiljø av lokal verdi (Kommunedelplan kulturminne og -miljø). Kulturmiljøet er registrert i Askeladden som tre lokaliteter, 227850 (Kommunehuset og Åresethuset), 238218 (Prestagarden) og 84586 (den listeførte Hjørundfjordkyrkja). Bygningane på Stenes-Ola-garden har Sefrak-id 1520-0021-054 (stovehus) og 1520-0021-055 (stabbur). Miljøet er vurdert til å ha lokal verdi i kommunen sin kulturminneplan, mens kyrkja i eigenskap av å vere listeført har nasjonal verdi.

1.3.3 Kapteinshaugen

Kapteinshaugen er ein større gravhaug ved naustrekka ved Øyragata. Gravhaugen (Askeladden-id25530) er vurdert til å ha nasjonal verdi og er trekt fram i Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal interesse. I naustrekka ligg det elles fleire eldre naust, og eitt av desse skal vere frå før 1850 (Sefrak-id 1520-0021-019).

1.3.4 Kyrkjestaden på Hustad

Den tidlegare kyrkjestaden på Hustad (Askeladden-id 21495) er vurdert til å ha nasjonal verdi og trekt fram i Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal interesse.

1.3.5 Gravhaug aust for den gamle kyrkjestaden på Hustad

Den monumentale gravhaugen (Askeladden-id 35898) er ikkje nemnt særskilt i Regional plan for kulturminne av regional og nasjonal verdi, men vurderer verdien til å vere nasjonal.

1.3.6 Gravhaug og dyrkingsflate i Prestmarka

Haugen (Askeladden-id 6452) ligg vest for Hjørundfjord kyrkje. Tidlegare låg det eit heilt gravfelt i dette området, frå den noverande kyrkjegarden og vestetter (Fett 1950). I same område er det avdekt ei dyrkingflate med busettingsspor frå jernalderen. Gravhaugane og dyrkingsspora tydar på at det har vore gardsbusetnad i området i eldre jernalder.

1.3.7 Gravhaug ved Gamletunet på Rise

Gravhaugen har Askeladden-id 92405.

2 Metodikk

2.1 Om utgreiinga

Multiconsult har gjennomført ei forenkla konsekvensutgreiing for fagtemaet kulturminne og -miljø. Det er ikkje registrert freda kulturminne på land eller sjø i dei to aktuelle områda for nytt kaihakk, eller i nærleiken av desse.

Utgreiinga er basert på metodikken i M-1941, Miljødirektoratet sin tverrsektorielle rettleiar for konsekvensutgreiing av miljøtema (Miljødirektoratet 2020). Rettleiaren ligg her: www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arealplanlegging. Han omhandlar både overordna og temaspesifikk metodikk som er nærmare beskriven under fagtemaet. Nokre element, som figur med verdivurderingsskala, påverknadsskala og nemning av konsekvensgrad er henta frå Vegdirektoratet si Handbok V712. Innhaldet er likevel i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar.

På grunn av den sentrale rolla fjorden alltid har spelt for samferdsla i området, og ikkje minst opplysningane om jektefart frå Sæbøfjæra i eldre tid, vurderer vi at det finst eit visst potensial for funn av kulturminne i sjø.

Vi har vore i kontakt med Bergen Sjøfartsmuseum for å avklare dette. Museet opplyser (telefonsamtale med marinarkeolog Tord K. Karlsen, 23. oktober 2023) at dei vil ta stilling til behovet for evt. arkeologiske registreringar når det ligg føre eit endeleg alternativ, og forutset at saka då vert oversendt frå kommunen til kulturminnemyndet på vanleg måte.

I samband med vår kartlegging av marint naturmangfald er det utført filming med ROV (Chasing M2 undervatnsdrone) etter førehandsdefinerte transektar i område som kan vere påverka av tiltaket på dei to alternative lokasjonane, samt inn mot nærliggande område (fig. 3). Det vart *ikkje* observert kulturminne i desse opptaka.

2.2 Nullalternativet

Etter Forskrift om konsekvensutgreiingar § 20 skal ei konsekvensutgreiing innehalde ei beskriving av den nåverande miljøtilstanden og eit oversyn over korleis ein meiner at miljøet vil utvikle seg om planen eller tiltaket ikkje vert gjennomført (referansealternativet eller 0-alternativet).


Dersom alternativet ikkje vert gjennomført, vil truleg området verte liggande som i dag og vere i høve til gjeldande planar. Referansealternativet er i dette høvet derfor definert som at området vert liggande som i dag, dvs. ei videreføring av dagens situasjon.

2.3 Vurdering av verdi, påverknad og konsekvensar

Utgreiingar av ikkje-prisette tema er basert på ein standardisert og systematisk prosedyre for å gjere vurderingar, konklusjonar og anbefalingar mest mogeleg objektive og forstålege, og som kan etterprøvast.

Tiltaket vert først delt opp i delområde som er tenlege i størrelse og innhald ut frå på faget som vert utgreidd. Det er for desse delområda ein gjer ei konsekvensutgreiing, der omgrepa verdi, påverknad og konsekvens er viktige.

Verdien vert vurdert ut frå kor viktig området er i eit nasjonalt perspektiv, og vert fastsett langs ein skala som spenner frå utan betydning til svært stor verdi.




Påverknad er eit uttrykk for endringane det aktuelle tiltaket vil medføre for verdiane i eit område. Skalaen går frå sterkt forringa (øydelt) til forbetra (stor forbetring). Påverknadene vert vurderte for den langsiktige driftsfasen som fører til meir eller mindre permanente endringar, samt for den kortvarige anleggsfasen.

Anleggsfasen vil som hovudregel medføre mellombelse endringar, men kan i nokre høve også føre til varige endringar. Påverknad frå anleggsfasen vert berre summarisk omtalt, ettersom det på dette tidspunktet ikkje er kjent detaljar rundt denne fasen.



Konsekvensen kjem fram når ein kombinerer verdien av området og påverknaden i den såkalla «konsekvensvifta». Denne samanstillinga gir eit resultat langs ein skala frå fire minus til fire pluss. Dei ulike konsekvenskategoriane er illustrerte ved å nytte symbola + og -.



Figur 4 Konsekvensvifta, frå Handbok V712 (Vegdirektoratet 2021). Teksten omsett til nynorsk av Multiconsult

Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
----	Svært alvorleg miljøskade – gir svært stor negativ konsekvens	Den mest alvorlege miljøskaden som kan oppnåast for delområdet. Gjeld kun for delområde med stor eller svært stor verdi
---	Alvorleg miljøskade – gir stor negativ konsekvens	Alvorleg miljøskade for delområdet
--	Betydeleg miljøskade – gir middels negativ konsekvens	Betydeleg miljøskade for delområdet
-	Noko miljøskade – gir liten negativ konsekvens	Noko miljøskade for delområdet
0	Ubetydeleg miljøskade – gir ubetydeleg konsekvens	Ubetydeleg miljøskade for delområdet
+ / ++	Noko miljøforbetring – gir liten positiv konsekvens Betydeleg miljøforbetring – gir middels positiv konsekvens	Miljøgevinst for delområdet: Noko miljøforbetring (+), betydeleg miljøforbetring (++)
+++ / ++++	Stor miljøforbetring – gir stor positiv konsekvens Svært stor miljøforbetring – gir svært stor positiv konsekvens	Stor miljøgevinst for delområdet. Stor (+++) eller svært stor miljøforbetring. Vert i hovudsak nytta om delområde med ubetydeleg eller noko verdi som får ei svært stor verdiauke gjennom tiltaket

Figur 4 Skala og rettleiing for konsekvenssetting i delområde. Tabellen er henta frå Handbok V712 (Vegdirektoratet 2021), og svarar til tabell i Miljødirektorat sin rettleiar frå 2023. Tekst i feitt skrift er lagt til og teksten omsett til nynorsk av Multiconsult

Til slutt gjer ein ei samla vurdering av konsekvensane for kvart utbyggingsalternativ, og for kvart enkelt fagtema. Dette omfattar altså ei samla vurdering der konsekvensane for kvart delområde vert lagt til grunn. Det må gå fram om nokre delområde er gitt mindre eller større vekt, og om den samla konsekvensvurderinga er justert opp eller ned, f.eks. på grunn av dei samla verknadene. Den samla konsekvensen spenner frå svært stor negativ konsekvens til svært stor positiv konsekvens.

2.4 Om verdi

Når ein har avgrensa utgreiingsområdet (tiltaks- og influensområde) delar ein området opp i delområde, kulturmiljø, ut frå kvalitet og verdi. Det vert så sett ein verdi på kvart definerte kulturmiljø. Når desse miljø sine kvalitetar skal vurderast må det verte gjort på ein heilskapeleg måte ved bruk av vurderingskategoriar. Rettleiaren frå Miljødirektoratet gir eit oversyn over kva for kategoriar som skal nyttast, og korleis dei skal verte verdisette.

Det er utarbeidd ei rekke slike vurderingskategoriar, med grunnlag i om eit kulturminne/-miljø

- er viktig som kjelde til historia for periodar der det finst få eller ingen skriftlege kjelder
- er knytt til tru eller tradisjonar
- er viktig for ein eller fleire etniske grupper
- er knytt til ein sosial gruppe eller syner ein sosial samanheng som er viktig for historia
- representerar ein eller fleire fasar eller verksemder som er viktig for historia/utviklinga
- inneheld og er prega av verdifull byggeskikk eller arkitektur eller inneheld kulturminne med kunstnerisk verdi
- har ein klar, intern kulturhistorisk samanheng, en klar byform eller bystruktur som er historisk viktig og /eller syner ein klar samanheng mellom natur og kultur
- har ein bruk som er forenleg med kulturminneinteressene, eller er viktig som ressurs for utvikling og verdiskaping, eller formidling.

For kvar av desse kategoriane kan ein deretter avgjøre om kulturminnet/-miljøet representerar

- ubetydelig verdi
- noko verdi
- middels verdi eller forvaltningsprioritet
- stor verdi eller høg forvaltningsprioritet

- svært stor verdi eller høgste forvaltningsprioritet.

Dei kjente kulturminna på Sæbø har alt vore gjennom ei slik vurdering, dels gjennom Ørsta kommune sin kulturminneplan (Ørsta kommune 2017) og dels gjennom Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi (Møre og Romsdal fylkeskommune 2015).

2.5 Om påverknad

M-1941 syner vidare kva slags påverknad ein skal vurdere av eit gitt tiltak på eit kulturminne/-miljø, nemleg

- direkte inngrep/arealbeslag
- nærverknader (fysiske og visuelle)
- visuell fjernverknad
- utforminga av tiltaket.

3 Datagrunnlag og lovverk

3.1 Datagrunnlag

Datagrunnlaget er først og fremst henta frå Ørsta kommune sin kulturminneplan og andre kommunale planar, samt Askeladden (herunder Sefrak-registeret). Sjå elles kjeldeoversynet.

3.2 Om kulturminne og -miljø

Fagtemaet omfattar spor etter menneska si verksemd gjennom historia knytt til kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap. Hovudmålet med utgreiinga for fagtemaet er å skaffe kunnskap om viktige kulturhistoriske verdiar i plan- og influensområdet, slik at dette kan leggjast til grunn ved utvikling og val av alternativ.

Temaet omfattar desse deltemaa:

- Kulturminne
- Kulturmiljø
- Kulturhistoriske landskap

Kulturminne og kulturmiljø er definert i kulturminnelova. Kulturminne er her definert som alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, òg lokalitetar det knyt seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Kulturmiljø er område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturhistoriske landskap er større, samanhengande område med kulturmiljø, og der den kulturhistoriske dimensjonen er framtrèdande.

I denne rapporten er det kulturminne og kulturmiljø som er dei relevante kategoriane.

3.3 Lovverk og retningslinjer

Det er i hovudsak to måtar å beskytte kulturminne/-miljø på – vern gjennom plan- og bygningslova eller freding gjennom kulturminnelova.

3.3.1 Freda

Freding er den sterkaste forma for vern av kulturminne og kulturmiljø. Freda kulturminne har nasjonal verdi, og det krevs særskilt løyve om ein vil gjere endringar på eit slikt kulturminne. På Sæbø finst det fleire automatisk freda kulturminne, men ingen som er freda gjennom særskilt vedtak.

3.3.2 Verna etter PBL


Regulering til spesialområde bevaring eller omsynssone er kommunane sin fremste moglegheit til å beskytte verneverdige kulturminne og -miljø. Når eit kulturminne/-miljø vert regulert med omsynssone, lagar ein eigne føresegner. Desse set grenser for kva som er tillete av endringar. Det er pr. i dag ingen kulturminne som er regulert med omsynssone på Sæbø. Kulturminneplanen seier at kommunehuset og Årsethuset skal ha slik omsynssone dersom området vert (om-)regulert, mens Prestagarden (bustaden) skal vurderast.

4 Påverknad frå planlagde tiltak

Avstanden frå begge alternativa til kjente kulturminne er betydeleg. Påverknaden av det planlagde tiltaket vil i hovudsak vere knytte til visuelle verknader på kulturminne *utanfor* planområdet, samt til *utforminga* av nye tiltak.

I sjøen er det ikkje registrerte kulturminne.


Ut frå dette vurderer ein at tiltaket/planforslaget medfører *ubetydelege endringar* for det heilskaplege kulturmiljøet.



4.1 Konsekvensar av planlagt utbygging

Detaljar kring tiltaket vil først verte avklarte gjennom vidare prosjektering. Det same gjeld behovet for evt. arkeologiske registreringar i sjø.

Ut frå det ein nå veit, vil konsekvensane av tiltaket for det heilskaplege kulturmiljøet vere *ubetydeleg* (0).



4.2 Skadereduserande/avbøtande tiltak

Eit generelt prinsipp ved utforming av planar bør vere å dempe negative verknader på kulturminne og kulturmiljø.

Sjølv om ikkje det finst registrerte kulturminne innanfor planområdet, bør ein i størst mogleg grad forsøke å tilpasse seg kulturmiljøet som grensar opp mot planområdet gjennom å legge opp til plassering, høgder, volum og materialbruk som ikkje vil framstå i kontrast til det eksisterande bygningsmiljøet, når det gjeld nye bygningar og andre element.

Hovudsaka er at det heilskaplege kulturmiljøet framleis skal vere lesbart, og at nye element ikkje skal konkurrere om oppmerksamda med dei gamle, men spele på lag med dei.

4.3 Usikkerheit

Usikkerheita i vurderingane er først og fremst knytt til detaljeringsnivået og høve som først vil verte avklart i samband med prosjektering og byggesøknad.

Litteratur, databasar og kjelder

Den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden (askeladden.ra.no)

Universitetsmuseenes gjenstandsdatabase Unimus (unimus.no)

Per Fett 1950. *Førhistoriske minne på Sunnmøre 7: Hjørundfjord prestegjeld*. Bergen: Historisk museum.

Kommunedelplan kulturminne og -miljø 2017-2025. Ørsta kommune, 2017.

Konsekvensanalyser. Handbok V712. Vegdirektoratet, 2021.

Konsekvensutredninger for klima og miljø. Veileder M-1941. Klima- og miljødepartementet, 2023.

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal. Høyringsutkast. Riksantikvaren, 2022.

Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi. Møre og Romsdal fylkeskommune, 2015.